

**Fra:** Gunbjørg S Hanssen (Gunbjorg.Hanssen@hfk.no)

**Sendt:** 16.07.2014 14:52:06

**Til:** Tom-Christer Nilsen; Mona Haugland Hellesnes; Mona Røsvik Strømme; Sveinung Valle; Terje Søviknes; Aud Karin Oen; Benthe Bondhus; 'torill@nyborg.net'

**Kopi:**

**Emne:** Nytt inntektssystem - verknader for Hordaland fylkeskommune

**Vedlegg:** image001.png;Nytt inntektssystem....pdf

Notat i ephorte med nr 2014/14001-12 - vedlagt

På møte i fylkestingssamlinga i juni og på fylkesutvalet sitt møte 19. juni 2014 vart verknadene av nytt inntektssystem for Hordaland fylkeskommune drøfta.

Fylkesutvalet ba om at fylkesrådmannen utarbeidde eit notat der verknadene av det nye inntektssystemet vart gjennomgått og kommentert. Notatet ligg ved til fylkesordføraren, fylkesvaraordføraren og gruppeleiarane.


I notatet vert det vist til at fylkesrådmannen har eit eige arbeid i gang for å sjå særleg på det som gjeld båt- og ferjekriteria som er foreslått i det nye inntektssystemet. Fylkesrådmannen vil koma attende til dette med eit eige notat straks utgreiingsarbeidet er ferdig.

Utover verknadene for båt- og ferjedelen – som det vert arbeidd vidare med, peikar fylkesrådmannen i det vedlagde notatet på dei negative utslaga for Hordaland fylkeskommune for kriteriet buss/bane. I følgje Kommuneproposisjonen skal dette vera eit betre kriterium for tettbygde strøk enn den tidlegare storbyfaktoren. Fylkesrådmannen kan vanskeleg sjå at dette er tilfelle for andre storbyar enn Oslo.

Venleg helsing

**Johnny Stiansen**

Fungerande fylkesrådmann



Tlf: 55 23 90 10 | Mob: 920 17 711

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)